



Statens vegvesen

RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:
18/103681-14

Dykkar referanse:
18/1380

Vår dato:
29.10.2019

Svar på søknad om dispensasjon frå byggjegrænse – Reiskapslager – Fv. 5484 (tidl. fv. 409) – Gnr. 24 bnr. 13 – Bø – Radøy kommune

Vi viser til Dykkar søknad om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 5484 Radøyvegen for oppføring av reidskapslager på eigedomen gnr. 24, bnr. 13 i Radøy kommune.

Eigedomen er ikkje regulert, men ligg i LNRF-område i kommuneplanen. I brev med tilbakemelding frå Radøy kommune av 11.09.2019 er saka vurdert slik at det ikkje er trong for dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen. Det er heller ikkje trong for løyve til utvida bruk av avkøyringa til fylkesvegen.

Saka kan då handsamast som dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 5484 Radøyvegen etter veglova. Det er søkt om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 5484 i ein avstand på 25,1 meter frå senterlinja på fylkesvegen.

Statens vegvesen har vurdert søknaden og kan ikkje sjå at det vil føre til vesentlege ulemper for drift og vedlikehald av fylkesvegen om det vert gjeve dispensasjon slik det er søkt om.

Vedtak

Med heimel i veglova [§30](#) og [§34](#), gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5484 Radøyvegen for å oppføre reidskapslager på gnr. 24 bnr. 13 i Radøy kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal være i tråd med situasjonsplan vist på oversiktskart 110119/VM Reiskapshus ved sagbruk på eigedomen gnr. 24, bnr. 13 i Radøy kommune.
2. Avstanden frå reidskapslageret (inkludert takutspring) til senterlina på fylkesveg 5484 skal vere minst 25,1 meter.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

3. Reidskapslageret må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
4. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygningen/innretninga ligg nær fylkesveg 5484 Radøyvegen.
5. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest Postboks 43, 6861 Leikanger, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Odd Høydalsvik

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.